



Arkivnr: 2014/1095-32  
Saksbehandlar: Hanne Seljesæter

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		09.06.2015
Fylkestinget		09.06.2015

**Søknad om fritak frå verv i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Samandrag**

Ellinor Therese Kreybu, Fremskrittspartiet, har søkt om fritak frå vervet som leiar for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden 2011-2015 av helsemessige årsaker. Det vert rådd til å innfri søknaden og gjere suppleringsval.

**Forslag til innstilling**

1. Ellinor Therese Kreybu får fritak frå vervet som leiar for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden 2011-2015.
2. Som ny leiar for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert ..... vald for resten av valperioden 2011-2015.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 22.05.2015**

Ellinor Therese Kreybu, Fremskrittspartiet, skriv i e-post til fylkeskommunen 12.04.2015:

«Grunnet mye sykdom og uforutsette hendelser i nær familie siste året, og derav mye forfall- ser jeg meg desverre nødt til å be om fritak fra vervet som leder i RMNF.»

**Rettsleg grunnlag**

Fritak og permisjon frå fylkeskommunale verv er omhandla i kommunelova § 15 der nr 2 lyder:

«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten forholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.»

Om korleis regelen er å forstå er det i kommentarane til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) teke inn m.a.:

«Fritak er betinget av at vedkommende «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn hvor de har ført til helsemessig eller sosiale belastninger for et medlem, jf NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

«Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen «...den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å fritta vedkommende.»

**Vurdering**

Ellinor Therese Kreybu har grunngeve søknaden med m.a. helsemessige forhold. Det har ikkje vore praksis å krevje legeattest ved søknad om fritak, og dokumentasjon ligg heller ikkje føre i denne saka. Det har vore praksis for å gi permisjon, eventuelt fritak frå fylkeskommunale verv dersom det ligg føre medisinske grunnar. Det vert rådd til å innfri søknaden om fritak slik det er søkt om, og at det vert gjort suppleringsval til vervet som leiar av Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.